

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN  
nr. 144/2002**

**av 8. november 2002**

**om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XX til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 134/2002 av 27. september 2002<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsvedtak 2002/231/EF av 18. mars 2002 om fastsettjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fottøy, og om endring av vedtak 1999/179/EF<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2002/255/EF av 25. mars 2002 om fastsettjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fjernsynsapparat<sup>(3)</sup> skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkkel 1*

I vedlegg XX til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 2eo (kommisjonsvedtak 1999/179/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

“– **32002 D 0231**: Kommisjonsvedtak 2002/231/EF av 18. mars 2002 (TEF L 77 av 20.3.2002, s. 50).”
2. Etter nr. 2et (kommisjonsvedtak 2001/607/EF) skal nytt nr. 2eu lyde:

“2eu. **32002 D 0255**: Kommisjonsvedtak 2002/255/EF av 25. mars 2002 om fastsettjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fjernsynsapparat (TEF L 87 av 4.4.2002, s. 53).”

---

<sup>(1)</sup> TEF L 336 av 12.12.2002, s. 34, og EØS-tillegget til TEF nr. 61 av 12.12.2002, s. 28.

<sup>(2)</sup> TEF L 77 av 20.3.2002, s. 50.

<sup>(3)</sup> TEF L 87 av 4.4.2002, s. 53.

*Artikkels 2*

Teksta til vedtak 2002/231/EF og 2002/255/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

*Artikkels 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 9. november 2002, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(<sup>\*</sup>).

*Artikkels 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utferda i Brussel, 8. november 2002.

*For EØS-komiteen  
Formann*

*Kjartan Jóhannsson*

*Sekretærar for EØS-komiteen*

*P.K. Mannes      M. Brinkmann*

---

(<sup>\*</sup>) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.